# Innst. S. nr. 82

## (2007-2008)

## Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

St.prp. nr. 12 (2007-2008) kap. 650, 651, 683, 690, 691, 3651, 3680 og 3690

**Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet**

Til Stortinget

### 1. SAMMENDRAG

#### 1.1 Kap. 650 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

*Post 1 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten blir foreslått auka med 1,6 mill. kroner til fleire store tiltak i Handlingsplanen mot tvangsekteskap (2008-2011).

Løyvinga på posten blei i saldert budsjett for 2007 styrka med 2,4 mill. kroner som ein kompensasjon for betaling av meirverdiavgift på kjøp av administrative tenester frå UDI. IMDi har av Oslo Fylkesskattekontor fått utsett avgiftsplikta. Løyvinga blir derfor foreslått nedjustert med 2,4 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at den samla løyvinga under posten blir redusert med 800 000 kroner.

#### 1.2 Kap. 651 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Utgiftene til norskprøver for vaksne innvandrar er berekna til 2,15 mill. kroner meir enn det som blei løyvd i saldert budsjett. 550 000 kroner blir foreslått omdisponert frå andre tiltak på same post.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,6 mill. kroner.

*Post 60 Integreringstilskot, overslagsløyving*

Løyvinga blir i hovudsak redusert på grunn av mindre busetting i 2007, og at ein større del av busettinga skjer mot slutten av året, slik at tilskotet ikkje blir utbetalt til kommunane før i 2008.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 147 mill. kroner.

*Post 61 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar*

Personar som var i målgruppa for norskopplæring før 1. september 2005, utløyser tilskot etter overgangsordninga, som er ei vidareføring av ordninga som gjaldt for slik opplæring før 1. september 2005. Utbetaling etter overgangsordninga i 2007 blir på om lag 650 mill. kroner, eller 50 mill. kroner lågare enn det som blei lagt til grunn i samband med Revidert nasjonalbudsjett.

Frå 1. september 2007 får personar som oppheld seg i mottak tilbod om opplæring i norsk. Talet på personar som får tilbod er lågare enn det som blei lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett. Utgiftene til tiltaket blir derfor redusert med 1,8 mill. kroner.

Løyvinga blir samla foreslått redusert med 51,9 mill. kroner.

#### 1.3 Kap. 3651 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar

*Post 2 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter*

Visse utgifter som er knytte til norskopplæring for asylsøkjarar i mottak kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Antal personar i mottak som kjem frå ODA-godkjende land har frå våren 2007 endra seg frå 90 pst. til 85 pst. Saman med eit lågare tal på personar som fell inn under ordninga med opplæring i mottak fører dette til ein nedgang i utgiftene som kan ODA-godkjennast på 3,6 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,6 mill. kroner.

### 1.4 Kap. 683 Ressurssenter for natur- og reindriftstenester

***Post 1 Driftsutgifter, kan overførast***

Arbeids- og inkluderingsdepartementet og senteret er samde om at prosjektet ikkje bør førast vidare i sin noverande form.

Departementet gjer framlegg om at oppgåvene knytt til senteret blir ført over til Arbeids- og velferdsetaten i Finnmark, og at løyvinga over denne posten blir redusert med 875 000 kroner. Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 1 Driftsutgifter blir foreslått auka med tilsvarande beløp. Dette inneber at Ressurssenter for natur- og reindriftstenester blir avvikla.

### 1.5 Kap. 690 Utlendingsdirektoratet

***Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlige mottak***

Totalt blir det lagt det til grunn ei auke på 460 personar i det gjennomsnittlege belegget i statlige mottak i forhold til det som ligg til grunn for løyvinga på posten.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga over denne posten med 30 mill. kroner. Forslaget er basert på eit overslag over gjennomsnittleg belegg i mottak på 7 100 personar, jf. romartalsvedtak om fullmakt om mellombels innkvartering av asylsøkjarar og flyktningar.

***Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og oversetjing***

Fordi ein ventar at 500 fleire enn det som ligg til grunn for løyvinga vil søkje asyl, gjer Arbeids- og inkluderingsdepartementet framlegg om å auke løyvinga over denne posten med 2 mill. kroner.

### 1.6 Kap. 3690 Utlendingsdirektoratet

***Post 4 Statlige mottak, ODA-godkjende utgifter***

Av ei auka løyving på 30 mill. kroner på kap. 690 post 21, kan 10,8 mill. kroner innrapporterast som utviklingshjelp. Tilsvarande beløp kan då bli ført som inntekt.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga over denne posten med 10,8 mill. kroner.

### 1.7 Kap. 691 Utlendingsnemnda

***Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling***

Mange av barnesakene har blitt avgjort i nemndmøte utan personleg frammøte. Når klagaren ikkje møter personleg blir utgiftene redusert. Det er òg sakstypar der det har kome fram praksisavklaringar slik at påfølgjande saker av liknande karakter kan avgjerast av nemndleiar aleine.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga over denne posten med 4,74 mill. kroner.

### 1.8 Kap. 3680 Sametinget

***Post 51 Avkastning av samefolkets fond***

Arbeids- og inkluderingsdepartementet gjer framlegg om at løyvinga under denne posten blir auka med 50 000 kroner til 4,7 mill. kroner, slik at løyvinga på utgifts- og inntektskapitlet til Samefolkets fond blir lik.

## 2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Tore Hagebakken, Saera Khan, Tom Strømstad Olsen, Inger Løite og Arild Stokkan-Grande, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Åge Starheim og Ib Thomsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Rolf Reikvam, og fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, slutter seg til Regjeringens forslag.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, fra Høyre, Kari Lise Holmberg og Bent Høie, fra Kristelig Folkeparti, Bjørg Tørresdal, og fra Venstre, Vera Lysklætt, viser til at det er en økning i antall asylsøkere igjen (prognosen er økt fra 5 500 til 6 000). Det betyr at trenden med at antallet går ned i forhold til prognosen, nå er snudd. Dette kan etter disse medlemmers syn skyldes at regjeringspartiene skaper usikkerhet om hva som er Norges asyl- og flyktningepolitikk.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre mener at dette fører til at UDI må bruke ressurser til nye intervjuer og førstegangsvurderinger, istedenfor bosetning.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti vil vise til at Regjeringen dermed ikke makter å nå målene for vedtaksproduksjonen i UDI. Konsekvensene av dette er at flere mennesker blir boende lengre på asylmottak. Disse medlemmer mener at dette er en svært negativ utvikling og ber Regjeringen ta ansvar for at denne utviklingen snur.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener dagens innvandrings- og integreringspolitikk er naiv og uansvarlig. Disse medlemmer viser til at stadig flere europeiske land legger om innvandringspolitikk i Fremskrittspartiets retning, og mener det er på høy tid med innstramninger også i Norge. Disse medlemmer vil videre påpeke at det er umulig å få til en vellykket integreringsprosess så lenge 3 av 4 andregenerasjonsinnvandrere fra visse land fortsatt henter ektefelle i opprinnelseslandet, og viser til at blant annet Danmark og Nederland har innført effektive og integreringsfremmende tiltak på familiegjenforeningsområdet. Disse medlemmer vil videre vise til at disse medlemmer foreslår betydelige kutt på innvandringsområdet i Fremskrittspartiets alternative budsjett og Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008), samt fremmer forslag om redusert mottak av flyktninger.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at proposisjonen beskriver at utgiftene i UNE er mindre enn budsjettert på grunn av at klageren ikke møter personlig, fordi mange barnesaker har blitt avgjort i nemndsmøter. Disse medlemmer mener det er viktig i forhold til barns rettigheter at de får mulighet til å fremstille sin personlige historie og at dette var et sentralt tema for mange av organisasjonene som var på høring i komiteen i forbindelse med behandlingen av Ot.prp. nr. 75 (2006-2007). Disse medlemmer er uenige i at dette er en innsparing, og mener heller at pengene burde brukes til å legge bedre til rette for at barn i 2008 får mulighet til å møte personlig i nemndsmøter for å få fremstille sin sak selvstendig.

På denne bakgrunn vil disse medlemmer stemme imot Regjeringens bevilgningsforslag under kap. 691 Utlendingsnemnda, post 21 Særskilte driftsutgifter, nemndbehandling. Disse medlemmer foreslår også:

"Kap. 691 Utlendingsnemnda, post 221 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, tilføyes betegnelsen "kan overførast"."

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er positive til at Regjeringen avvikler Ressurssenteret for natur- og reindriftstjenester i tråd med disse medlemmers forslag i Budsjett-innst. S. nr. 5 (2006-2007). Disse medlemmer håper dette er starten på en trend der Regjeringen også følger opp andre samepolitiske forslag fremmet av Fremskrittspartiet, og vil vise til at Dokument nr. 8:106 (2006-2007) inneholder forslag til flere konkrete tiltak som regjeringspartiene i denne omgang dessverre stemte imot. Disse medlemmer viser til at Sametinget og Finnmarkseiendommen gir folk rettigheter på bakgrunn av kulturell og etnisk opprinnelse, og mener dette er uakseptabelt ut ifra prinsippet om likebehandling av alle norske borgere. Disse medlemmer støtter Regjeringens forslag om å redusere kap. 683 post 1 med 875 000 kroner, og at Ressurssenter for natur- og reindriftstjenester derved blir avviklet.

## 3. FORSLAG FRA MINDRETALL

**Forslag fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre:**

Kap. 691 Utlendingsnemnda, post 221 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, tilføyes betegnelsen "kan overførast".

## 4. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | Utgifter | |
| 650 | | Integrerings- og mangfaldsdirektoratet | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir redusert med ... | 800 000 |
| | | frå kr 87 535 000 til kr 86 735 000 | |
| 651 | | Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling, integrering og mangfald, *kan overførast*, blir auka med ... | 1 600 000 |
| | | frå kr 39 200 000 til kr 40 800 000 | |
| | 60 | Integreringstilskot, *kan overførast*, blir redusert med ... | 147 000 000 |
| | | frå kr 2 826 400 000 til kr 2 679 400 000 | |
| | 61 | Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, blir redusert med ... | 51 900 000 |
| | | frå kr 1 265 100 000 til kr 1 213 200 000 | |
| 683 | | Ressurssenter for natur- og reindriftstenester | |
| | 1 | Driftsutgifter, *kan overførast*, blir redusert med ... | 875 000 |
| | | frå kr 1 000 000 til kr 125 000 | |
| 690 | | Utlendingsdirektoratet | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, statlige mottak, blir auka med ... | 30 000 000 |
| | | frå kr 780 400 000 til kr 810 400 000 | |
| | 22 | Særskilde driftsutgifter, tolk og oversetting, blir auka med ... | 2 000 000 |
| | | frå kr 24 500 000 til kr 26 500 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 691 | | Utlendingsnemnda | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, blir redusert med ...................... frå kr 13 200 000 til kr 8 460 000 | 4 740 000 |
| | | Inntekter | |
| 3651 | | Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar | |
| | 2 | Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med ........ frå kr 36 300 000 til kr 32 700 000 | 3 600 000 |
| 3680 | | Sametinget | |
| | 51 | Avkastning av samefolkets fond, blir auka med ............................................ frå kr 4 650 000 til kr 4 700 000 | 50 000 |
| 3690 | | Utlendingsdirektoratet | |
| | 4 | Statlige mottak, ODA-godkjende utgifter, blir auka med .............................. frå kr 280 900 000 til kr 291 700 000 | 10 800 000 |

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 6. desember 2007

**Tore Hagebakken**
leder

**Saera Khan**
ordfører

Lobo Media AS
www.stortinget.no